

# FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
19.04.2018

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:** Sylvelin Fonnes, Anita Bakke, Britt Ystebø, Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Per Børge Hillestad.

**Varamedlemer:** Inger Synnevåg.

**Andre:** Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim  
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Jusu Gyflan; Bjørn Helge Olsen

**Desse møtte ikkje:** Svein Tomas Villanger.

**Saker til førehaving:**  
Fellesrådssaker: F- 05/18 – F- 11/18

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**  
Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- F – 05/18 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING  
**Vedtak:**  
*Saksliste og innkalling vart godkjent.*
- S – 06/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 20.02.2018  
**Vedtak:**  
*Møteboka frå 20.02.2018 vart godkjent*
- F – 07/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIVING AV DAGENS MØTEBOK  
**Vedtak:**  
Arne Lerøy og Anne Dahle Austrheim
- F - 08/18 **ORIENTERINGSSAKER:**  
Ingen orienteringssaker.
- F – 09/18 **GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2017**
- Framlegg til vedtak:**  
*Soknerådet godkjenner rekneskapen for 2017. Meirforbruk på drifta på kr 26.010 vert dekka inn frå generelt disposisjonsfond. Meirforbruk på investering på kr 107.075 vert dekka inn frå ubunde investeringsfond.*
- Vedtak:**  
*Med etterhald av revisor si endelege godkjenning, så godkjenner soknerådet rekneskapen for 2017. Meirforbruk på drifta på kr 26.010 vert dekka inn frå generelt disposisjonsfond. Meirforbruk på investering på kr 107.075 vert dekka inn frå ubunde investeringsfond.*
- Bakgrunn:**  
Austrheim sokn har for 2017 eit meirforbruk på drifta på kr 26.010. Vidare har har ein eit meirforbruk på investering på kr 107.075.  
  
Det er nokre openberre årsaker til desse tala. Når det gjeld meirforbruket på drifta skriv dette seg frå at ein i byrjinga på året fjerna trea på gravplassane på Austrheim og i Leirvågen, i tillegg til at ein fekk stubbrest stammane på gravplassen på Austrheim. Dette arbeidet låg ikkje inne i driftsbudsjettet og måtte gjerast for å unngå skade på personar og gravminner. Vi har også i 2017 fått inn meir i festeavgifter enn det som var budsjettert. Dette er medvirkande til at underskotet på drifta ikkje vart større enn det vart.  
  
Når det gjeld meirforbruk på investeringssida så skjedde dette på bakgrunn av eit aktivt val i AU. Det vart gått til innkjøp av ein minidumpar med roterande tipp, som vert brukt i det pågående grøfteprosjektet på Austrheim gravplass. Grunngjevinga for denne investeringa var at det ville vera rimelegare å investera i denne maskina, framfor å leiga ei tilsvarande. Månadleg leigepris ville vore om lag 15.000 kroner + moms. Grøftearbeidet er svært væravhengig og det vil såleis vera kortare og lengre periodar der ein ikkje kan arbeida med dette. Ved å eiga sjølv kan ein disponera maskina når værforholda tillet at ein

arbeider med dette. Soknet investerte i ei nesten ny maskin til ein kostnad av kr 125.000 + moms. Nye maskiner kostar ca 175.000 kroner + moms.

F – 10/18

## **LØNSPOLITISKE RETNINGSLINER FOR AUSTRHEIM SOKN.**

### **Framlegg til vedtak:**

*Austrheim sokneråd godkjenner lønspolitisk retningsliner for Austrheim sokn slik den ligg føre.*

### **Vedtak:**

*Austrheim sokneråd godkjenner lønspolitiske retningsliner for Austrheim sokn slik den ligg føre.*

### **Bakgrunn:**

I samband med prosessen rundt dei lokale forhandlingane i haust, der vi drøfta innretninga på fordelinga av denne potten, kom det også opp eit behov for å ha eigne lønnspolitiske retningslinjer. Dette er retningslinjer som er uavhengige av forhandlingar om ein liten fordelingspott i dei lokale forhandlingane. Lønnspolitiske retningslinjer er generelle retningslinjer som seier noko om korleis avlønning skal gå føre seg, korleis ein kan motivera til kompetanseutvikling, korleis ein kan behalda, utvikla og rekruttera gode medarbeidarar og elles sikra kvalitativt gode tenester.

Heimel for lønnspolitiske retningslinjer finn ein i Hta kapittel 3.2.

Kyrkjeverja har hatt lønnspolitisk drøftingsmøte med dei tillitsvalde 15.mars i år. Dei lønnspolitiske retningslinjene som det er gjort framlegg om her, er drøfta og godkjent av dei tillitsvalde. Eg har også henta inspel frå tilsvarende retningslinjer for Austrheim kommune og frå eit anna fellesråd.

## **LØNSPOLITISKE RETNINGSLINJER FOR AUSTRHEIM SOKN:**

Den lokale lønnspolitikken er ein del av soknet sin arbeidsgjevarpolitikk. Lønnspolitikken byggjer Hovudtariffavtalen for KA-området, kapittel 3 og skjer etter drøftingar med dei tillitsvalde.

### **MÅLSETJING FOR LOKAL LØNSPOLITIKK:**

Den lokale lønnspolitikken skal bidra til at:

- Arbeidstakrar skal verdsetjast og motiverast gjennom avlønning som partane er gjort kjente med i forkant.

- Alle stillingsgrupper skal ta del i den generelle lønsutviklinga.
- Avlønning skal vera rettferdig og bidra til likebehandling av lønnsnivået mellom menn og kvinner.
- Motivera til kompetanseheving og at vidareutdanning også får konsekvensar for lønnsnivået.
- Motivera til auka engasjement ved å leggja til rette for relevante kurs.
- Drøfta behovet for individuell kompetanseplan med kvar medarbeidar – med tilrettelegging for kompetanseheving etter eit visst antall år i stillinga.

## **LOKAL LØNSPOLITIKK ER BASERT PÅ:**

- At alle stillingar normalt vert avlønna etter Hovudtariffavtalen si grunnlønspllassering.
- At fastsetjing av løn skjer ved tilsetjingar, lokale og særskilte forhandlingar (Hta kap 4).
- At løn utover grunnlønspllassering (Hta kap 4.1, 4.2 og 4.3) skal knyttaasat til namngitt person og protokollførast.
- At fagorganiserte skal ha fordelar ved lokale forhandlingar.
- At leiarlønninga vert regulert i Hta kap 3.4 og vert vurdert 1 gong i året.

## **LØNSSYSTEMET I HOVUDTARIFFAVTALEN:**

### Kap 3:

Handlar om lokal lønnspolitikk, lokale forhandlingar, lokale drøftingar, livsfase og seniorpolitikk, kompetanseutvikling, leiaravlønning og tilleggslønn.

Lokale drøftingar med dei tillitsvalte skal gå føre seg 1 gong i året, uavhengig om det er lokale forhandlingar eller ikkje.

Leiarlønninga vert vurdert 1 gong i året ut frå eitt eller fleire av desse kriteria:

- Endra ansvarsområde
- Oppnådde resultat i forhold til soknet sine målsetjingar
- Utøving av leiarskap
- Ved betydelege organisatoriske endringar
- Behov for å halda på kvalifisert arbeidskraft.

### Kap 4:

Kap 4 lister opp alle stillingar i soknet med garantiønstabell. Dette kapittelet regulerer den sentrale lønnsdanninga. Også storleiken og innretninga på den lokale forhandlingspotten vert bestemt og regulert frå sentralt hald. Fastsetjing av løn etter særskilte forhandlingar vil kunna skje i tilfelle der det har skjedd betydelege endringar i organisasjonen i bemanninga, i arbeidsoppgåver eller ansvarsområde, ved kompetansehevande og relevant etter og vidareutdanning. Dette kan skje som separate forhandlingar. Spørsmål som dreier seg om særskilte forhandlingar grunna større

endringar, bør i størst mogeleg grad leggjast til eit årleg evaluringsmøte/drøftingar om lokal lønnpolitikk.

### Kap 5:

Regulerer stillingar med krav om høgare akademisk utdanning.

## **LITT MEIR OM ELEMENTA I LØNSDANNINGA:**

### Grunnløn:

Plassering i hovudtariffavtalen sitt lønns og stillingsregulativ, som også kan innehalda ansiennitetstillegg. Lønnspllasseringa er basert på krav til stillinga og regulerer ikkje lønnstakaren sin innsats.

### Funksjonstillegg:

Til dømes ein fagarbeidar som har tilleggsfunksjon som teamleiar. Med andre ord den delen av løna som regulerer det meiransvaret som ligg i stillinga. Her vert heller ikkje innsatsen i stillinga vurdert.

### Kompetanse:

Den delen av løna som syner gjennomført vidareutdanning eller realkompetanse (formell kompetanse + erfaringskompetanse) . Heller ikkje her vert den einskildes innsats vurdert.

### Marknadstilpasning:

Mogeleg å gje lønstilbod utover grunnlønspllassering, i tilfelle der det er konkurranse om å behalda arbeidstakar. Behov for å behalda kompetanse og vurdering av personleg innsats vil vera vurderingar som vert gjort her.

### Individuelle kriterie:

Rein individuell vurdering av arbeidsinnsats, dugleik og åtferd, i måten arbeidet vert utført på. Dette kan bidra til avlønning utover grunnlønspllassering – det vil seia ulik avlønning.

### Resultatoppnåing:

Avspeglar grad av resultat/målloppnåing. Slike resultatkrav kan ein finna i handlingsplanar, verksemdsplanar, medarbeidarsamtalar osv. Her kan ein oppnå lønsauke ut over grunnlønspllassering.

## **PROSESSEN I LOKALE FORHANDLINGAR:**

- Administrasjonen utarbeider relevante lønsopplysningar, statistikkar og presentasjon av forhandlingspott.
- Lønnpolitisk drøftingsmøte (same møte)
- Grunngjevne skriftlege krav innanfor ein tidsfrist ein er blitt samde om.
- Krava vert forhandla om og vurdert av administrasjonsutvalet (minus tillitsvald) som også er forhandlingsutval. Den tillitsvalde og vara for denne er ikkje med i desse forhandlingane, sidan forhandlingsutvalet her utelukkande representerer arbeidsgjever.
- Forhandlingane skal vera gjennomført innanfor dei tidsfristar som er sett frå sentralt hald.
- Det skal skrivast protokoll/ar som skal underskrivast av arbeidsgejvar og tillitsvalde, men ikkje før heile potten er fordelt.

- Skal ha årleg evalueringsmøte/drøfting av lønspolitikk – enten det er år med lokale forhandlingar eller ikkje. Eit slikt møte skal ein ha i slutten på januar kvart år (Hta kap 4).

## AUSTRHEIM SOKN SINE LOKALE PRIORITERINGAR:

### **1. Retta opp lønsmessig skeivutvikling:**

Bruka lokale forhandlingar til å retta opp lokal skeiv avløning. I dette ligg også at ein skal medvirka til at ulik avløning på grunn av kjønn vert utviska.

### **2. Endringar i medarbeidaren sitt ansvar og oppgåver:**

Handlar først og fremst der det har skjedd/skjer vesentlege endringar i stillinga sitt innhald grunna organisatoriske endringar.

### **3. Relevant etter og vidareutdanning som soknet ønskjer skal prioriterast:**

Gjennomført kompetanseheving (endra realkompetanse) skal vurderast som grunnlag for endra lønsnivå når kompetansehevinga er relevant og vert brukt i arbeidet og gjer den tilsette betre kvalifisert og dyktig i arbeidet.

### **4. Rekruttera og behalda:**

Lønsnivået til stillingane i Austrheim sokn skal vera konkurransedyktige.

### **5. Kriteriar for vurdering av arbeidsinnsats (individuell vurdering av innsats og måloppnåing):**

Medarbeidaren:

- Er mål og resultatorientert.
- Set brukarane i sentrum – forbetrar og effektiviserer tenestene
- Tek initiativ og syner engasjement.
- God på samarbeid.
- Er lojal.
- Har gode kommunikasjonsevner
- Bidreg til eit godt og utviklande arbeidsmiljø
- Arbeider sjølvstendig
- Syner vilje til eigenutvikling.

Leiaren:

- Er mål og resultatorientert.
- Set brukarane i sentrum – forbetrar og effektiviserer tenestene.
- Sørga for at tenestene vert systematisk evaluert og trekkjer lærdom av erfaringane.
- Bidreg til forbetring, fornying og omstilling.
- Skaper engasjement, lagånd og medansvar.
- Sikrar god og formålstenleg kommunikasjon.
- Utvilar medarbeidarane ved å gje støtte og stilla krav.
- Klargjer ansvarsforhold og roller i organisasjonen.

- Stimulerer til samarbeid med andre avdelingar i og utanfor kommunen.
- Beslutningsevne.

## F – 11/18      ØKONOMIPLAN 2018 – 2022

### Framlegg til vedtak:

*Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet utan framlegg til vedtak.*

### Vedtak:

*Austrheim sokneråd går inn for økonomiplan 2018 - 2022, med nokre justeringar:*

2018	2019	2020	2021	2022
Grøfteprosjektet Austrheim kyrkjegard 200.000	Prosjektering gjenbruk Austrheim gravplass 200.000	Anleggsarbeid gjenbruk av Austrheim gravplass felt 2 ca 1.500.000 (?)	Anleggsarbeid gjenbruk av Austrheim gravplass felt 2 ca 1.500.000 (?)	
Ny rider 130.000		Prosjektering utviding Austrheim kyrkje 150000		

### *Følgjande moment kom fram i soknerådet:*

- *Visjons og strategiarbeidet kan ikkje sjåast på som ei investering, men må inn i driftsdelen på budsjettet.*
- *Soknerådet ønskjer at spørsmålet om eventuell flytting av kyrkjekontoret til Mastrevik Torg vert arbeidd meir med.*
- *Av same årsak som nemnt i punktet ovanfor, ventar ein med å sluttföra garderobeløysing/universell tilkomst til kyrkjekontoret i noverande lokalitetar. Om det vert aktuelt med flytting av kontoret vil dette vera ei investering som ein får lite igjen for.*
- *At ein allereie i 2018 begynner på verdiarbeidet. Avklara bruk av ekstern hjelp til dette i løpet dette året.*

### Bakgrunn:

Det er behov for å jobba meir systematisk og langsiktig med soknet sine investeringsbehov i åra frametter. Dette har samanheng både med kommunen sin stramme økonomi og for å styrka soknet sine prioriteringar.

Her kjem ei lita oversikt på kjente og mogelege investeringsbehov i nær framtid:

- Grøfteprosjektet på Austrheim gravplass. Dette prosjektet er allereie i gang. Det starta som ein prosjekt innanfor kyrkjegardsdrifta, men bør definerast som investering. Investeringsbehov er på ca 200.000 kr
- Merkevarebygging Austrheim kyrkjelyd. Sokneråd, stab og andre engasjerte, bør jobba målretta med kyrkjelyden sitt verdidokument. Dette arbeidet bør ha lokalt sær preg og skapa eigarskap, slagord som fengar og ein prosess som stadig vert gjenstand for soknerådet si evaluering. Investeringsbehov ca 200.000 kr
- Ny rider gravplassane. Den gamle rideren er selt og vi har bestilling på ein ny. Kostnad 130.000 kr.
- Sluttføring av garderobeløysing universell tilkomst til kontordelen kyrkjelydshuset. Arbeidet med nytt toalettanlegg og vaskerom i kyrkjelydshuset er ferdig. Det er framleis behov for å slutføra dette arbeidet. Det betyr i praksis at ein skal byggja inn mesteparten av det opne rommet ved inngangspartiet til kyrkjelydshuset. Her vert det ny inngangsdør og ny garderobe. Garderobegolvet vert heva slik at vi får til oppvarming med varmekabler. Vidare skal det byggjast ein trappeheis tilpassa rullestolbrukarar, slik at tilgangen til kontordelen vert universelt utforma. Kostnad ca 500.000 kr
- Prosjektering gjenbruk Austrheim gravplass. Dette gjeld felt 2 på Austrheim gravplass. Det ligg allereie føre ein reguleringsplan for Austrheim gravplass som kan brukast. Gjenbrukskostnadane vil vera betydelege når vi kjem så langt, men det er behov for å starta prosessen snarast. Første steg vil då vera å få dette prosjekt. Kostnad ca 200.000 kroner.
- Utviding av Austrheim kyrkje – prosjektering. Kostnad ca 150.000.
- Anleggsutgifter ved gjenbruk av Austrheim gravplass. Dette gjeld felt 2 på Austrheim gravplass. Dette feltet strekkjer seg ut over skrånningane på begge sider av kyrkjeflatten oppe ved kyrkja. Anleggsarbeidet vil omfatta midlertidig fjerning av eksisterande gravminner, gps målingar av gamle og nye ledige gravminner, tilføring av ny masse, ny drenering av feltet som skal gjenbrukast, supplering av eksisterande gråsteinsmurar og oppsetjing av gamle gravminner. Dette anleggsarbeidet må før igangsetjing prosjekterast av eit kompetent firma.

Her kjem utkast til ei matrise som kan danna grunnlag for drøftingar og prioriteringar i soknerådet. Sluttføring av garderobeløysinga og universell tilkomst til kontordelen i kyrkjelydshuset er ikkje lagt inn i matrisa under. Det er ønskjeleg at soknerådet drøftar dette og gjev eit signal på korleis denne delen skal prioriterast.

2018	2019	2020	2021	2022
Grøfteprosjektet Austrheim kyrkjegard 200.000	Verdiarbeid Austrheim kyrkjelyd 200.000	Anleggsarbeid gjenbruk av Austrheim gravplass felt 2 ca 1.500.000 (?)	Anleggsarbeid gjenbruk av Austrheim gravplass felt 2 ca 1.500.000 (?)	
Ny rider 130.000	Prosjektering gjenbruk Austrheim gravplass 200.000	Prosjektering utviding Austrheim kyrkje 150.000		

# SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
19.04.2018

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:** Sylvelin Fonnes, Anitta Bakke, Britt Ystebø, Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Per Børge Hillestad.

**Varamedlemer:** Inger Synnevåg.

**Andre:** Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Jusu Gyflan, Bjørn Helge Olsen.

**Desse møtte ikkje:** Svein Tomas Villanger.

**Saker til førehaving:**

Soknerådssaker:      S- 09/18 – S- 13/18

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- S – 09/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE  
**Vedtak:**  
*Saksliste og innkalling vart godkjent*
- S – 10/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 20.02.2018  
**Vedtak:**  
*Møteboka frå 20.02.2018 vart godkjent*
- S – 11/18 UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK  
**Vedtak:**  
*Arne Lerøy og Anne Dahle Austrheim.*
- S – 12/18 ORIENTERINGSSAKER
- Orientering om basar for Kjerringrokken:

Dette kom fram i møtet:  
Kjerringrokken og soknerådet skal gjennomføra basar 11.juni kl 19.00 til inntekt for misjonsprosjektet. Gevinstar kan avleverast i ein kasse på kyrkjelydshuset, eller til Gunn eller Anny.
- S – 13/18 GUDSTENESTEPLAN 2019
- Framlegg til vedtak:**  
*Framlegg til gudstenesteplan for 2019 er godkjent slik den ligg føre*
- Vedtak;**  
*Framlegg til gudstenesteplan for 2019 er godkjent slik den ligg føre*
- Bakgrunn:**  
Førebels gudstenesteplan for 2019 er utarbeidd av soknepresten. Det er ingen vesentlege endringar i forhold til tidlegare år. Austrheim har ifølgje denne planen fått tildelt 31 forordna gudstenester. Gudstenesteparten vert lagt fram i soknerådsmøtet.